



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 27.06.2017

Sak nr.: 17/5365-2

Internt l.nr.: 26777/17

Sak: 27/17

Tittel: Ny driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord 2018 – 2023

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1) Ved utlysning av driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord for perioden 2018 – 2023 skal følgjande vinterstrategi leggjast til grunn:
 - a. Som hovudregel skal driftsklasse C nyttast
 - b. Vegarmar som ligg perifert til skal ha driftsklasse D og driftsklasse E
 - c. Det skal nyttast saltløysing i staden for fukta salt.
- 2) Driftsrentreprenør må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
- 3) Driftsrentreprenøren må disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen
- 4) Det skal vere krav om kvitmaling av følgjande tunnelar i kontraktperioden:
 - a. Fv. 60 Tyvanestunnelen
 - b. Fv. 60 Stavenestunnelen

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren sette fram nytt forslag til vedtak i saka:

- 1) Ved utlysning av driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord for perioden 2018 – 2023 skal følgjande vinterstrategi leggjast til grunn:
 - a. Som hovudregel skal driftsklasse C nyttast
 - b. Vegarmar som ligg perifert til skal ha driftsklasse D og driftsklasse E
 - c. Det skal nyttast saltløysing i staden for fukta salt.
- 2) Driftsrentreprenør må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
- 3) Driftsrentreprenøren må disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen
- 4) Det skal vere krav om kvit maling av følgjande tunnelar i kontraktperioden :
 - a. Fv. 60 Tyvanestunnelen
 - b. Fv. 60 Stavenestunnelen
- 5) Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vera vinterstengd i perioden 1. november til 15. juni.

Fellesframlegg frå utvalet til nytt punkt 5:

Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vera vinterstengd i perioden 15.oktober til 1.juni.

Avrøysting:

Punkt 1-4 i fylkesdirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i fylkesdirektøren sitt framlegg vart sett opp mot fellesframlegget. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1) Ved utlysing av driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord for perioden 2018 – 2023 skal følgjande vinterstrategi leggjast til grunn:
 - a. Som hovudregel skal driftsklasse C nyttast
 - b. Vegar som ligg perifert til skal ha driftsklasse D og driftsklasse E
 - c. Det skal nyttast saltløysing i staden for fukta salt.
- 2) Driftsrentreprenør må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
- 3) Driftsrentreprenøren må disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen
- 4) Det skal vere krav om kvit maling av følgjande tunnelar i kontraktsperioden :
 - a. Fv. 60 Tyvanestunnelen
 - b. Fv. 60 Stavenestunnelen
- 5) Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vera vinterstengd i perioden 15. oktober til 1. juni.